



Hemsedal kommune

Justis- og politidepartementet; innvandringsavdelinga
Postboks 8005 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref.	Vår ref.	Dato
	12/00382-1	02.02.2012

Høyringsuttale NOU 2011:10

Viser til brev av 04.07.2011

Hemsedal kommune kjem med eit administrativ innspel på NOU 2011:10

Hemsedal representerer ein av dei små kommunane i landet som har eit statleg mottak.

Vi vil samtidig takke for høve til å uttale oss om mottakstilbod for asylsøklarar.

Del 10 Artikkel 10 – Rett til skolegang for mindreårige

Asylsøkere i 16-17 årsalderen skal få et tilbud om vidaregåande utdanning.

Vi meiner det bør ikkje vera eit absolutt rett til eit slikt tilbod, men dersom aylsøklarane har føresetnad ut frå eit minstekrav innan norsk språk. Kommunane bør heller ha høve til å leggje til rette for ei utvida grunnskuleopplæring med statleg tilskot i kommunen eller ved eit Vaksenopplæringscenter der grunnleggjande norskkunnskap på eit akademisk nivå er målet. Målet må vera at ungdom som vert busett, opparbeidar seg eit så godt norsk språk at dei får tilfredsstillande utbytte i vidaregåande skule og godt nok grunnlag for høgare utdanning.

Det bør leggjast til rette for eit opplæringsløp i 16-17 års alderen.

Kvar elev på dette nivået bør vurderast i eit vidaregåande utdanningsløp ut frå føresetnadane dei har i det norske språket.

Vi støttar Utvalet sitt forslag om at utdanninga ikkje bør avsluttast på grunn av at asylsøklar fyller 18 år.



Del 16 Vertskommune

Hemsedal kommune har vore vertskommune for Hemsedal statlege mottak sidan opprettinga hausten 2009. Ved oppstart av mottaket, var Hemsedal ein av dei 8 kommunane med færre enn 2000 innbyggjarar.

Utvalget viser til at det er ekstra store utfordringar for små kommunar å vera vertskommune.

Mottaket har 102 faste plassar og 24 stykkpris plassar. Då mottaket kom, utgjorde såleis dette ein stor omveltnad innan kommunal sektor.

Hemsedal kommune ønska at det vart teke omsyn til at vi hadde liten kapasitet innan skule og helse med tanke på barnefamiljar som ofte utløyser store behov for tilrettelegging.

Ved plassering av statlege mottak må ein kunne vente at staten tek omsyn til lokale forhold ved oppretting av mottak med mellom anna vurdering av kor mange plassar mottaka skal ha.

Tenestekapasiteten kommunen rår over er på ingen måte i stand til å ta dei utfordringane som vi møter. Hemsedal kommune har etter at mottaket kom, auka faste stillingar i helsesektoren med 8% lege, 20% jordmor og 100% helsesyster. Dette er ikkje tilstrekkeleg for å dekke behovet bebuarane har for tenester. Dei andre tenestene som barnevern og psykisk helse har ikkje fått auka bemanning men tek sakene fortløpande inn frå mottaket på toppen av oppgåvene dei har frå før.

Vertskommunetilskotet dekkjer ikkje på langt nær kostnaden.

Tilsetjing av personalet i stillingar som er oppretta med tanke på mottaket, er usikkert med tanke på rask avvikling. Om eit mottak legg ned misser vertskommunen sitt tilskot etter 3 månader. Oppseiing av tilsette tek langt lengre tid. Både det å byggje opp tenesteapparatet og byggje det ned vil ta tid. Dette er kanskje ein større utfordring for små kommunar.

Lengre avtaleperiodar gir kommunane om mogleg meir stabil arbeidskraft og hindrar økonomisk uføre i avviklinga.

I skulen vert det gjeve tilskot til grunnskuleopplæring på kr. 7 311 per barn per måned i ti månader.

Vi erfarer at det er til dels store variasjonar i elevtalet. Tilskotet dekkjer opplæringa men dersom elevtalet vert drastisk redusert i to til tre månader utgjør det eit økonomisk tap for kommunen. Kommunen må vurdere om tilsette skal seiast opp. Rett etter at det er gjort kan vi oppleve ein stor tilflytting igjen som medfører manglande kompetanse.

Dette er vanskeleg å forhalde seg til. Kommunen bør ha høve til å tilsetje ei grunnbemanning. Berekningsgrunnlaget kan vera eit gjennomsnitt i refusjonstilskot over dei åra kommunen har hatt mottak. Kommunen vert då ikkje så sårbar når elevtalet svingar.

I kortare periodar der elevtalet er noko mindre vil det vera behov for høve til kompetanseauke, tilrettelegging og planarbeid samt styrkje samarbeidet med mottaket.

Ei slik tilrettelegging kan medføre at bemanninga vert meir stabil og kompetansen vert verande i skulen.

Vi støttar Utvalet si anbefaling om å sjå på støtte sett i forhold til kommunestørrelse.

Ved nedlegging av mottak bør det utbetalast vertskommunetilskot minimum 6 månader etter avvikling av mottaket.

Kommunane må få dekkja utgifter til ressurskrevjande personar innan skule og barnehage, barnevern og i helse- og omsorgssektoren.

Del 18 Bemanning, kompetanse og roller

Sårbare personar vil krevje at kommunen gir eit tenestetilbod med fagpersonar. Vi ser med uro på at mottak ikkje har korkje helsefagleg eller barnefagleg krav til utdanning. Mottak kan søkje dispensasjon frå kompetansekrav dersom nokon i leiinga har barnefagleg bakgrunn.

Vi meiner det ikkje er tilstrekkeleg.

Fagkompetanse i eit mottak vil avlaste presset i kommunal sektor. Dersom eit mottak ikkje kan ivareta kompetansekravet kan eit forslag vera at dei kjøper tenester av vertskommunen gjerne i form av ei delt stilling. Kommunane kan lettare få kvalifisert arbeidskraft dersom arbeidet ikkje åleine er knytt til eit mottak men i kombinasjon med ei kommunal stilling som er meir forutsigbar.

Vi stiller oss bak utvalget sitt forslag at alle typer mottak bør ha personar med minimum tre-årig barnefagleg utdanning, fortrinnsvis frå høgskule eller universitet samt at det bør vera eit krav om å ha helsefagleg bakgrunn, gjerne kompetanse innan psykisk helse. Det bør ikkje gjevast dispensasjon frå dette.

Det bør vera krav til kontinuerleg utlysing av stillingar til stillingane er besett.

Små kommunar vil uansett vera sårbare samanlikna med større kommunar som har eit fagmiljø å trekkje vekslar på. Generelt bør dette takast med i vurdering ved plassering av mottak i ein liten kommune.

Del 22 Innkvartering av asylsøkjjarar

Det ligg føre eit forslag om at asylsøkjjarar i større grad kan bu utanfor asylmottak. Føresetnaden er at dei bur hjå personar i same kommune som mottaket ligg i. Det skal begrensast til 20 personar per mottak. Det er mange positive tankar som ligg bak dette forslaget.

Vi meiner det kan bli ei større utfordring i små kommunar. Norskopplæringa vert spreidd på fleire små skular som vil kunne slite med personale tilsett i mindre stillingar.

Skal tiltaket lukkast, vil det vera avhengig av etablert kontaktnett for dei som får busetjing utanfor mottaket. Ein kan oppleve ytterlegare isolering om ikkje sosial evne og kontaktnett vert drøfta.

Før iverksetjing av busetjing utanfor mottaket, må aktuelle kommunale sektorar ha høve til å utale seg.

Del 24 Identifisering av sårbare personar

Ressurskrevande brukarar ser ein gjerne ikkje før etter at dei har vorte trygge og har opphalde seg over tid. Vi støttar uttala frå Utvalget som meiner at merksemda rundt sårbare personar ikkje må begrensast til transittfasen, men gjelde gjennom heile opphaldet. Viser til pkt 24.5.3 der kontaktpunkt for identifisering vert omhandla.

Tilrettelegging for sårbare personar har medført store utfordringar innan skule, barnevern og helsetenester. Om det vert lovfesta rett til barnehage vil dette også få store konsekvensar, noko vi kjem attende til.

Kommunen må få høve til å få dekkja auka kostander sårbare personar medfører. Tiltaka må fullfinasierast med statlege midlar etter søknad frå kommunen. Ein relativ auke i vertskommunetillegget vil ikkje kompensere for dei store utgiftene kommunen vert påført.

Del 25 Asylsøkere og helsetenester

Utvalget foreslår å gje asylsøkarar rettar etter Lov om kommunale helse-og omsorgstenester med meir § 3-2 første ledd punkt 6 samt § 3-6. I enkelttilfeller kor det vert kravd ekstra innsats, kan UDI i dag kjøpe tjenester frå kommunane. Personar med ekstra behov skal i utgangspunktet takast vare på av forsterka mottak.

Vi meiner at UDI må etablere mottak som kan ivareta funksjon innanfor desse lovføresegnene. Systemet vi har i dag skal vidareførast.

UDI ved driftsoperatør må sørge for ei innkvartering og oppfølging av asylsøklarar.

Del 26 Barn

Vi er ser heilt klart kor viktig det er med eit pedagogisk tilbod både med tanke på å gi best moglerg utviklingstilhøve i det daglege for små barn og også med tanke på seinare integrering.

Hemsedal kommune er ein vekstkommune og ein turistkommune med usatbil busetting. Mange kjem i tilknytning til vintersesongen og søker barnehageplass utanom ordinert opptak.

Dersom Utvalget får gjennom sitt fleirtalssyn om lovfesta barnehage frå 2 år, vil det få dramatiske følgjer. Konsekvensen for Hemsedal kommune per dags dato er at vi må bygge ein ny barnehageavdeling dersom vedtaket vert iverksett. Med tanke på at mottaket brått kan stenge gjer dette forslaget endå meir vanskeleg. Dersom ein ny barnehageavdeling må byggjast, vil det kreve langsiktig arbeid med mellom anna reguleringsplan.

Dersom vertskommunen ser seg høve til å ta imot barn i barnehagen ved å setje opp til dømes midlertidig modulbarnehage, må kommunen kunne søkje ekstraordinære tilskot til dette. Kommunen vil då vera i stand til å møte auken av midreårige barn noko som kan vera i ei avgrensa periode til mottaket vert lagt ned. Kostnaden må fullfinansierast.

Det er foreslått eit tilskot på 9 810 kroner per barn i alderen 3-5 år.

Barn i alderen 0-2 år vil tilføre ein månadleg tilskot på 15 800 kroner. (Faktor 1,8)

For det første er det rimeleg at satsen er den same fram til 3 år då eitt barn under tre år tilsvarar to barn over 3 år i bemanningsnorm. Sjølv med denne satsen vil ikkje tilskotet dekkje dei påløpande utgiftene til drift av ei avdeling. Ein vesentleg faktor er at dei barna dette gjeld vil gjerne ha behov for tettare bemanning enn norske barn med tanke på manglande norsk språk og tidlegare ustabile oppvekstvilkår.

Vi saknar ei pedagogisk drøfting og vurdering kva det vil medføre for ei barnegruppe å få store utskiftingar i løpet av eit år.

Dei fleste kommunar har i dag eitt opptak i året der barn som fyller eitt år før 31.8 får plass.

Dersom ikkje barn frå mottaket skal få særrettar med inntak gjennom året, vil dei måtte vente eitt år. Denne ventetida må uansett driftsoperatør ha ansvar for ved å syte for eit godt tilbod.

Det er svært sårbart og vanskeleg for små barn og ungdomar at dei knyter seg til eit nytt land sin kultur og språkleg identitet. Barnet vil miste noko av utviklinga av sitt morsmål og heller ikkje opparbeide eit adekvat godt norsk språk i ei 1-3 års periode. Dess lengre eit opphald for barn blir, dess meir vil eit barn tape i si identitetsutvikling. Vi ser også at barn i familiar som ventar i lengre tid på avgjerd får psykiske følgevanskar på grunn av personlegdomsendring hjå føresette.

Vi erfarer i arbeid med barn og unge og deira foreldre, at ventesituasjonen er ekstremt utfordrande.

Det må leggjast vekt på at asylsøkjjarar med barn bør få sine saker handsamast innan eit lovfesta tidsrom frå dei kom til landet. Dette er med bakgrunn i EMK artikkel 3 som omhandlar omsyn til det beste for barnet.

Vi støttar forslaget frå mindretalet som ikkje stiller seg bak forslaget som går ut på å utvide kommunen sitt ansvar til å omfatte plikt til å tilby barnehageplass.

Mottaket bør i staden påleggjast å gi tilsvarande tilbod.

Del 29 Aktivitet

Eit tiltak som vi ser andre land har som til dømes Danmark, er deltaking i ulønna humanitært arbeid utanfor mottaket. Det kan gi eit viktig bidrag til lokalsamfunnet. Dette vil gi vaksne høve til å finna ein plass i det norske samfunnet og forstå noko av kulturarven. Det vil også skape kontaktpunkt mellom asylsøkjjarar og lokalsamfunnet. Vi les også i NOU 2011:10 at Finlanad legg vekt på individuelle planar for personar mellom 16 og 64 år der også private organisasjonar tilbyr aktivitetar til bebuarane.

For å førebyggje psykiske vanskar og passivitet, må det stillast krav til mottaket om at dei legg til rette for meiningsfull aktivitet og ein aktiv kvardag. Dersom mottak er plassert utanom sentrumsnære områder, må det vera eit krav til mottaket at det vert lagt til rette for transport.

Del 30 Kvalifisering

Jamfør introduksjonslova §§17 og 18 ligg det føre eit forslag om at dei som ventar på busetjing begynner på norskopplæring. Det vert foreslått at kvalifiserande tiltak bør sjåast i samanheng med introduksjonsprogrammet i kommunen.

Vi meiner at det er uryddig å påleggje vertskommunen å etablere kvalifiserande tiltak for personar som har fått opphald. Vi meiner ordninga vi har i dag bør halde fram.

Med helsing

Gunn Berit Nergård
Oppvekstsjef